

Sjå adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

52401199/52401199_brev_Varsel om oppstart_A01.docx

Dato:


2025-06-10

► Varsel om oppstart av planarbeid – Detaljreguleringsplan for Deknepollen, gbnr. 305/69 m.fl. næring, veg, Kinn kommune

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Du mottok dette brevet grunna at du enten er grunneigar, nabo, myndigheit eller organisasjon som skal ha direkte tilsendt varsel om planoppstart av planarbeid, jf. pbl § 12-8.

Norconsult Norge AS er av Måløy sentrumsbygg AS v/Gunnar Carlson engasjert til å utarbeide planframlegg for Kiwi Deknepollen, gbnr. 305/74, 305/69 og 305/68 mfl. ved Deknepollen i Kinn kommune. Planavgrensinga som det vert varsla planoppstart for er synt i figur 1.




Figur 1: Planavgrensing synt med svart stipla farge.

Planen skal legge til rette for etablering av forretning på gbnr. 305/74, 305/69 og 305/68. Vidare har Kinn kommune kravd at planarbeidet må regulere tilkomst til Rv.15 og del av omlegging av ny kommunal veg til Myrane.

Planområdet er på om lag 26,5 daa. Området ligg aust for riksveg 15 «Nordfjordsvegen» i Deknepollen, og grensar i sør mot LNF-areal og bustadeigedomar. I nord grensar området til ein bustadeigedom. Nord for bustadeigedomen er det etablert eit forretningsområde med mellom anna Rema 1000.

Tilhøve til overordna og gjeldande planar

I kommuneplan på høyring for området, arealdel til Kinn kommune 2023-2033 er planområdet avsett til næringsføremål, sjå figur 2.



Figur 2: Utsnitt frå Kommuneplanens arealdel for Kinn kommune 2023-2033 (kommunekart.com).

Planområdet er del av ein eldre reguleringsplan vedteken 17.03.1982, «Reguleringsplan for Degnepollen», der området er innanfor arealformål «B3» -boligområde og «I» - industri. Grunna motstrid mellom reguleringsplanen og kommuneplanen er rettsverknadane av reguleringsplanen frå 1982 sett til side.

Planprosess

Det vart hald oppstartsmøte med Kinn kommunen den 13.05.2024. I møtet tilrådte administrasjonen oppstart av planarbeidet.

Kommunen sluttar seg til vurdering knytt til krav om konsekvensutgreiing, og vurderer at planområdet ikkje fell inn under forskrifta sitt saklege verkeområde. I samband med pågåande kommuneplanarbeid, er det gjort konsekvensutgreiing for del av det aktuelle planområdet, og detaljplanarbeidet vil vere i samsvar med framlegg til ny kommuneplan.

Kommunen har vurdert kven som skal varslast om planarbeidet. Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet vil få tilsendt varsel. I tillegg vert oppstart av planarbeidet annonsert i Firdaposten og lagt ut på nettsida til Kinn kommune under fana høyringar og kunngjeringar, kinn.kommune.no/sok-etter-sak/hoyring-og-kunngjeringar/.

For nærare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:


Cornelis Erstad
mob. 41 04 37 15
e-post: cornelis.erstad@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS
v/Cornelis Erstad
cornelis.erstad@norconsult.com
Trolladalen 30
6856 Sogndal

Vi ber om at ev. innspel til varsel om planoppstart vert sendt skriftleg via altinn, e-post eller post **innan 11. juli 2025.**

Med vennleg helsing
Norconsult Norge AS



Cornelis Erstad